



Informasjonshefte

skule - heim

2011 - 2012

visjon:kunnskap og lek - mangfald og glede

Eit nytt skuleår er starta, og planane som vart utarbeidd i vår og før skulestart skal gjennomførast.

Engelsvoll skule er ein skule med eit godt miljø fagleg og sosialt - engasjerte lærarar og assistentar, samt gode rutinar for den daglege drifta. Dette skal me byggja vidare på, og nytta til å vera i stadig utvikling.

Me arbeider systematisk med det faglege og sosiale innhaldet i skulekvardagen, og prioriterar årleg kvar hovudfokus skal liggja gjennom satsingsområda i verksemdsplanen vår. I fjor var satsingsområda vidareutvikling av dei sentrale områda for heilskapleg arbeid på skulen - der målet har vore å auke kunnskapsnivået, sikra ein jamn progresjon i læringa og gje elevane ei oppleving av meistring.

I fjor vart me og praksisskule, og har dermed hatt studentar hjå oss i periodar gjennom året. I tillegg starta me eit prosjekt ift. vurdering - vurdering for læring, med fokus på undervegsvurdering og måldifferensiering. Dette prosjektet jobbar me vidare med dette skuleåret, i tillegg vil me ha fokus på sosial kompetanse og jobba vidare med elevane sin lesedugleik.

Me held sjølvstøtt fokus på dei andre sentrale områda i skulen, og byggjer vidare på dei satsingsområda skulen har hatt tidlegare år. Tett og god kontakt med heimen er viktig for oss - begge vegar.

Når det gjeld fysisk aktivitet brukar me nærområdet med regelmessige turar for dei minst, og 5.-7. steg økter med fysisk aktivitet i tillegg til dei vanlege gymtimane.

Ved skulestart var det 256 elevar ved skulen, og 84 born nyttar seg av tilbodet i SFO. Ved skulen og i SFO er det i år 37 tilsette.

Skuleområdet er i utvikling, og gjennom tett og godt samarbeid med FAU vil det i løpet av året verte lagt tilrette med nye apparat på skuleområdet. Elevrådet ved skulen har vore gode pådrivarar i dette arbeidet, og gjer ein viktig jobb for å leggja tilrette for at elevane skal ha det kjekt i friminutta. Ballbingen er endeleg på plass.

Me vil gjera vårt beste for at borna skal ha eit godt skuleår, både fagleg og sosialt. Me ynskjer at borna skal trivast, vera trygge og få eit godt grunnlag for utvikling og læring gjennom å oppleve meistring. Dette krev at samarbeidet mellom skule og heim fungerer så godt som mogeleg, og at heimen deltek aktivt med oppfølging av lekser og støtte til dei normer skulen har for elevane.

Rektor

TELEFONNUMMER:

SENTRALBORD: 51 78 65 00

TELEFAX: 51 78 65 01

REKTOR: 51 78 65 03

ASS. REKTOR: 51 78 65 04

BARNEHAGE KONTOR: 51 78 65 47

HELSESYSTER: 51 78 65 27

VAKTMEISTER: 51 78 65 30

SFO: 51 78 65 40

TILSETTE VED SKULEN

REKTOR: Risnes, Tor Åge tlf. 51 97 96 04

ASS. REKTOR: Bøvik, Lisa tlf. 51 61 01 22

KONSULENT: Laland, Åsa Irene tlf. 51 42 31 36

LÆRARAR:

Aasland, Jane Karin 3. steget

Berentsen, Terje Haga 2. steget

Bergseth, Elfrid Friestad 1. steget

Eide, Line Hansen

Elvedahl, Mari Lura

Fjogstad, Rønnaug

Gjøn, Anne Bjørg Moi 3. steget

Helgeland, Hildegunn 7. steget

Hoch, Inger 6. steget

Homme, Andrine Kallåk 3. steget

Kvassheim, Sigrid Sofie 1. steget

Kvål, Inger Marie 2. steget

Larsen, Anders 5. steget

Leikanger, Kariann	4. steget
Mikkelsen, Terje	6. steget
Monge, Mette Johnsen	
Nesse, Brit Turid	6. steget
Sikveland, Njål	
Skaret, Trine	4. steget
Stangborli, Signe Johanne	2. steget
Sæland, May-Brit	7. steget
Sårheim, Kristin Sjaastad	5. steget
Ueland, Ingvar	2. steget
Umit, Jasaret	1. steget
Østrem, Ingbjørg Vagle	6. steget

SKULEASSISTENTAR:

Anda, Stine Rakkenes
 Bryne, Alice
 Frøyland, Anne Lise Rødland
 Haagensen, Åse Linn Ellingsen
 Kallekodt, Mette
 Løvdahl, Kine Lerstøl
 Pedersen, Elsa Helland
 Særheim, Monika


SFO:

Anda, Stine Rakkenes
 Bryne, Alice
 Dörrer, Kathrin Pamela
 Frøyland, Anne Lise Rødland
 Haagensen, Åse Linn Ellingsen
 Kallekodt, Mette
 Løvdahl, Kine Lerstøl
 Pedersen, Elsa Helland
 Særheim, Monika

Leiar

VAKTMEISTER:

Andersen, Torgeir



ORGANISERING AV SKULEDAGEN/SFO

SFO frå kl. 07.00 - 08.15. Skulen startar kl. 08.30.

Dagsrytme Engelsvoll skule - skuleåret 2011/2012

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30 - 09.45	75 min	75 min	75 min	75 min	75 min
Pause 15.min					
10.00 -11.15	75 min	75 min	75 min	75 min	75 min
Pause 30 min					
11.45 - 12.45	60 min	1 - 4, 60 min 5 - 7, til 1250. 45 min + 20 min Fys. fostring	60 min	1 - 4, 60 min 5 - 7, til 1305. 60 min + 20 min Fys. fostring	1 - 4, 45 min (til 12.30) 5 - 7, 60 min
Pause 15.min					
13.00 - 13.45 13.00 - 14.00	1 - 4, 45 min 5 - 7, 60 min		1 - 4, 45 min 5 - 7, 60 min		5 - 7, 60 min
1 - 4 steg	255 min	210 min	255 min	210 min	195min
5 - 7 steg	270 min	195 min + 20 min Fys. fostring	270 min	210 min + 20 min Fys. fostring	270 min

SFO tilbod etter skuletid og fram til kl. 16.30 for 1.-4. steg.
Elevane får utdelt detaljerte planar for det aktuelle steget.

SKULEFRITIDSORDNINGA

Ope kvar dag frå skuleslutt til kl. 16.30 + morgonope.

Også ope i feriar utanom juli månad og 5 planleggingsdagar + julaftan og nyttårsaftan.

SU er styre for SFO

INFORMASJON SKULE-HEIM

Det er eit ønskje med god kontakt om det enkelte barn heile året. De kan ringja eller koma innom når som helst! Ta kontakt om de lurar på noko, eller har innspel. Elles har me følgjande faste informasjonskanalar:

- Foreldremøte haust og vår
- Månadsplan SFO
- Veke-/arbeidsplan skulen
- Heimeside på internett: www.minskole.no/Engelsvoll

Foreldrekontaktar 2011-2012		
1.steg	Britt Lillian Haugstad	tlf. 51 42 54 00
	Ann Elisabeth Oftedal	tlf. 930 34 165
	Mari Beate Buer Vik	tlf. 511 12 894
2.steg	Anne Margrethe Grude	tlf. 51 42 33 63
	Tone Merete Sivertsen	tlf. 52 97 56 58
	Rune Mossige	tlf. 5 42 47 71
3.steg	Heidi Arnø	tlf. 51 69 09 41
	Hege Nordås Østbø	tlf. 51 42 48 31
	Sigrid Lærdal	tlf. 51 42 24 26
4.steg	Marianne Sunde	tlf 51 42 12 30
	Blanka Kaspersen	tlf. 51 42 23 69
	Vivi Ann van der Blom	tlf. 51 42 77 08
5.steg	Hildegunn Lande	tlf. 51 42 46 19
	Rune Bjerkreim	tlf. 51 48 40 20
	Marius Isaksen	tlf. 412 84 749
6.steg	Henk Maessen	tlf. 51 42 48 84
	Norunn Anda	tlf. 51 42 53 73
	Brit Klingsheim Tønnessen	tlf. 51 42 38 68
7.steg	Valdemar Blicher Jørgensen	tlf. 466 77 454
	Jo Inge Lilleengen	tlf. 51 42 23 24
	Siv Bruvik	tlf. 51 42 70 78
SFO	Karina Madland	tlf. 986 25 305
vara SFO	Lene Bjørnsson	tlf. 51 42 71 98



ELEVRÅDET VED SKULEN

Steg	Tillitselevar	Vararepresentantar
4. steg	Cassandra Breiland Tage Hauge	Line van der Blom Engelsvoll Espen R. Pettersen
5. steg	Tabita Størksen Vegard Bjerkreim	Birgit Braut Aaron Dalbak
6. steg	Liv Maria Aase Martin Bore	Åse Skarding Simon Tønnesen
7. steg	Ingvild Havrevold	

Elevrådsstyret 2011/12:

Leiar:	Clement A. Størksen, 7.steg
Nestleiar:	Martin F. Bøe, 7.steg
Sekretær:	June Grude, 7.steg
Styremedlem:	Karianne Kverme, 6.steg
Styremedlem:	Tabita Størksen, 5.steg

SAMARBEIDSUTVALET/SKULEMILJØUTVALET VED SKULEN/BARNEHAGEN (SU)

Består av rektor, styrar, ein føresett skulen, ein føresett barnehagen, ein tilsett i barnehagen, ein lærar, ein kommunalt tilsett i skulen og eigar/politikar.

Rektor	Tor Åge Risnes	- sekretær
Styrar	Inger Ølberg Lode	
Føresett skulen	Bjarte Oftedal	
Føresett skulen	Tove Annett Tingvik	
Føresett barnehagen	Hanne Valebjørg	
Føresett barnehagen		
Tilsett barnehagen	Gry Mjåland Sele	
Lærar	Brit Turid Nesse	
Kommunal tilsett skulen	Monika Særheim	
Leiar elevrådet	Clement A. Størksen	
Nestleiar elevrådet	Martin F. Bøe	
Rep. frå kommunen	Einar Erga	

FORELDREARBEIDSUTVALET SKULEN (FAU)

Består av foreldrekontaktane ved skulen som har danna ei styringsgruppe som er samansett slik:

Leiar:	Bjarte Oftedal
Nestleiar:	Tove Annett Tingvik
Kasserar:	Marianne Sunde
Sekretær:	Heidi Arnø
Rektor:	Tor Åge Risnes

NÆRMILJØUTVALET

Nærmiljøutvalet er samansett av representantar frå skule/barnehage og ulike lag og organisasjonar i krinsen.

Oppgåva til utvalet er å vera med å skapa eit triveleg, trygt og godt miljø for alle som bur i krinsen.

ANDRE MED TILKNYTING TIL SKULEN/BARNEHAGEN

Skulelege	Kjell Harald Horpestad	tlf. 51 42 41 00
Skuletannlege	Mari Dubland	tlf. 51 78 60 50
Helsesyster	Hilde Stensland	tlf. 51 78 98 65
PPT	Monica Kvål	tlf. 51 42 98 00

Skulehelsetenesta ved Engelsvoll skule

Helsesøster: Hilde Stensland

Trefftid på skulen: Tirsdag kl.08 - 12

Skulelege: Kjell Harald Horpestad

Helsesøster formidler kontakt med skulelege ved behov.

Helsesøster og skulelegen er medlem av Ressursgruppa på skulen.

Til elevar:

Er det noko du har lyst til å snakke med ein vaksen om, eller noko du treng hjelp og støtte til å finne ut av, så kom innom. Eg har teieplikt. Du kan få hjelp av ein av dei vaksne heime, eller ein av lærarane, til å avtale tid med meg, eller du kan bare banke på døra mi.

Til føresette:

Er de bekymra for barnet ditt si helse eller trivsel, er eg tilgjengeleg for samtale både med dykk og eleven. Av og til hjelper det å bare "lufte" situasjonen, andre gonger kan det vere naudsynt å henvisa vidare.

Skulehelsetenesta sine oppgåver:

- Helseopplysning - individuelt og i gruppe/klasse
- Tverrfagleg samarbeid/ressursgruppe
- Vaksinasjon
- Helseundersøking
- Være "nokon å snakke med", ha ei "open dør"
- Fylgje opp og evt. henvise ved behov

Skulehelsetenesta har som mål å førebyggje sjukdom og fremje helse. Vi er avhengig av eit godt samarbeid med eleven, føresette og skulen sitt personell for å oppnå dette.

Ved akutt sjukdom er det barnet sin fastlege som skal kontaktast.

Skulehelsetenesta sitt program (link til vedlegg)

Skulehelseprogram barneskulen:

1. klasse

- ✓ Evt. vere til stades på foreldremøte om hausten: Dele ut skulehelseprogram

2. klasse

- ✓ DTP-pol vaksine (difteri, stivkrampe, kikhoste og polio)

3. klasse

- ✓ Dele ut "Til foreldre og føresette på 3. trinn".
- ✓ Vekt- og høgdemåling
- ✓ Evt. helseopplysning i klasse/grupper etter avtale med lærar

5. klasse/ 6. klasse

- ✓ Helseopplysning i klasse/gruppe etter avtale med lærar: **Tema pubertet.**

6. Klasse

- ✓ MMR-vaksine (meslingar, røde hundar og kuma)

7. klasse

- ✓ Høgdemåling
- ✓ HPV-vaksine (Humant papillomvirus) til jenter. 3 doser.

Individuell oppfølging av enkeltelevar på alle klassetrinn.

Tlf.: 51 78 65 27 / 00

UTDELING AV MEDISINAR I SKULEN

Å gje barn medisin i skule er i dei seinare år blitt meir vanleg. Til dømes ser me ei auka utvikling av astma og allergi, som fører til at barn må ha medisin også medan dei er på skule. Etter samråd med kommunelegen har skulane kome fram til at nærare retningsliner er naudsynt. Ta kontakt dersom dette er aktuelt.

MOBBING

1. Dei vaksne forpliktar seg til å ta mobbing på alvor.

2. Mobbing definerer vi slik:

Ein elev blir mobba når ein annan elev, eller fleire andre elevar:

- Seier vonde eller ubehagelege ting, gjer narr av han eller henne eller brukar stygge kallenamn.
- Overser han eller henne fullstendig, eller stenger han/henne ute frå kameratgruppa.
- Slår, sparkar, dyttar eller truar han/henne.
- Fortel løgner, sprer falske rykte eller sender ubehagelege lappar og prøver å få dei andre til å mislika han eller henne.

Desse tinga skjer ofte (minst 2-3 gonger i månaden), og det er vanskeleg for den som blir plaga å forsvare seg.

Det er ikkje mobbing når ertinga blir gjort på ein vennskapeleg måte. Det er heller ikkje mobbing når to omtrent like store elevar slåss eller kranglar.

(Definisjon på mobbing av Olweus)

3. Kva gjer skulen når me oppdagar mobbing?

- Kontaktlærer snakkar med mobbeoffer og foreldre/føresette.
Mål: Skaffa seg meir informasjon. Kva har skjedd?
- Kontaktlærer snakkar med mobbarane. Telefon heim til foreldre/føresette
- Kontaktlærer informerer sosiallærer og rektor.
- Kontaktlærer og sosiallærer legg opp ein vidare plan - etter alvorlegheitsgrad.
- Tiltaka kan då vera:
 - Jamnlege samtalar med mobbar
 - Hjelp og støtte til mobbeoffer.
 - Innkalla foreldre og elevar til møte.
 - Jamnleg telefonkontakt med dei aktuelle heimane.
 - Vurdera og eventuelt flytta mobbaren til ein annan skule.

Det skal førast logg/referat over det som blir gjort.

RESSURSGRUPPE

Barn kan få ulike problem. Problema kan vera samansette. Dei kan vera av helsemessig, pedagogisk, psykologisk eller sosial art. Det er stundom naudsynt med kunnskap frå mange felt for å kunna hjelpa barnet. Det er difor ved kvar barnehage, skule og helsestasjon oppretta eit tverretatleg utval - ressursgruppe - for å ta seg av samansette problem. Målsetjing for gruppa er å driva fysisk, psykisk og sosialt førebyggjande arbeid, gje råd og samordna tiltak overfor barn frå 0 - 16 år. Gruppa har representantar frå barnehagen, skulen, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) helsestasjon og barneverntenesta. Ved behov vert andre faginstansar kalla inn. Alle som tek del i gruppa har teieplikt. Før namngjevne barn vert drøfta, skal foreldre/føresette ha gjeve samtykkje. Foreldre/føresette kan møta i gruppa. Dersom de ønskje kontakt med ressursgruppa kan de ta kontakt med barnehagen eller skulen.

BARN MED TO ADRESSER - SAMTALEGRUPPE

Gruppene blir organiserte av Klepp kommune i samarbeid med Klepp kyrkjekontor. Dette er eit tilbod for barn frå 8-16 år som har opplevd at mor og far skilde lag og flytta frå kvarandre. Gruppene er opne for barn og unge i heile Klepp kommune. Det er ynskjeleg at ei gruppe har 6-7 deltakarar, og ein set saman barn på omtrent same alder. Interesserte kan få informasjonsskriv på kontoret på skulen, eller dei kan kontakta Klepp kommune eller Klepp kyrkjekontor direkte.

FORSIKRING

Elevane er omfatta av Yrkesskadetrygda for skuleelevar i Folketrygda. Yrkesskadetrygda omfattar nødvendig medisinsk hjelp, tannbehandling m.m. Dersom skade oppstår, må ein sjå kva reglar som gjeld for det konkrete tilfellet.

ANSVAR FOR PRIVATE EIGEDELAR

Barn har sjølv ansvar for alle private eigedelar som dei tek med på skulen.

ERSTATNING - SKULEMATERIELL

Elevane har sjølv ansvar for eige skulemateriell. Foreldra kan bli stilt ansvarleg for bøker og anna materiell som elevane øydelegg/mister.

MERKING AV KLEDE

Me kan ikkje understreka nok kor viktig det er å merka kledda til barna med namn. Nå før ferien vart igjengløynde klede sendt til Fretex, då desse etter oppfordringar om å koma å sjå gjennom, ikkje vart henta. Skriv namnet direkte på vaskelappen, eller lag ferdige namneetikettar. Kontakt gjerne skulen eller SFO for å få bestillingsliste på etikettar.

SØKNAD OM FRI FRÅ SKULEN

Skulen må ha skriftleg søknad frå føresette dersom elevar skal ha fri utanom det som er fastsett i skuleruta. Kontaktlærar kan gje permisjon inntil 2 dagar. Rektor kan gje fri inntil to veker om gongen, søknad om fri lengre enn dette går til kommunalsjef. Foreldre avtalar med kontaktlærar om vekeplan for tida dei er borte. Det er elev og foreldre sitt ansvar at det avtalte arbeidet vert gjort til avtalt tid.



SKULESKYSS

Hovudregel er at elevar på 1. steg har rett til skuleskyss dersom avstanden mellom bustad og skule er meir enn 2 km (kortaste alminnelege gangavstand). Elevar på 2. - 10. steg har rett til skuleskyss dersom avstanden overstig 4 km.

BIBLIOTEK

Me har skulebibliotek kor barna kan låne bøker. Av og til nyttar vi oss av biblioteket på rådhuset. Fint om de som føresette minner barna om å returnera bøkene når dei har lånetid. Oppmuntra barnet Dykkar til å lesa bøker!

FOTOGRAFERING

Kvart år har me fotografering av 1. og 7. steg. Ein tek gruppe- og enkeltbilete. Der er sjølvsgt valfritt om, og evt. kor mange bilete ein vil kjøpa. Fotografering av 1. steg skjer om hausten og for 7. steg om våren.

MJØLK

Eit godt og sunt måltid midt på dagen er av stor betyding for barna. Alle elevane ved skulen har tilbod om å abonnera på mjølk på nettet www.skolemelk.no. Me tilbyr lettmjølk og ekstra lettmjølk

SYMJING

Elevane har symjing frå 2. steg. 2. 3. 4. og 5. steg reiser med buss til bassenget på Orre. 6. og 7. steg har symjing i Klepphallen.

OPE HUS

Dette er eit sosialt arrangement på kveldstid for elevane på 1.-4. steg og 5.-7. steg (kvar for seg). Foreldrekontaktane har ansvaret for ope hus.

PORTFOLIO

Portfolio skal vera eit "skrytealbum"/evalueringsverktøy på det arbeidet barnet/eleven har gjort, og dokumentera utviklinga i læringa. Barna arbeider med sin eigen portfolio etter oppsett plan. Dette arbeidet skjer både i barnehage og på skulen. Portfolio vert vist fram under foreldresamtale.

KARTLEGGING/NASJONALE PRØVAR

Det er faste kartleggingar i ulike fag og på ulike steg. Kartlegginga skal medverka til at elevane får ei best mogleg tilpassa opplæring, at det får rett hjelp til rett tid.

- Nasjonale prøvar gjeld 5. steg i faga rekning, lesing på norsk og engelsk. Prøvene vert gjennomført om hausten.
- Alle i Klepp kommune har kartlegging i lesedugleik på 1. 2. og 3. steg og i matematikk på 2. og 3. steg
- Me på Engelsvoll har også kartlegging i matematikk og norsk på alle steg. Kontaktlærar gir nærare informasjon om Dykkar barn.

MANGE INTELLIGENSAR (MI)

Alle barn er glupe - men ingen er glupe i alt!

Alle er glupe! Alle har nokre sterke sider! Alle får til noko!

Sats på det du er god til i staden for å vera opptatt av kva du ikkje får til.

Satsar du på det du er god til, kan det og blir lettare for deg å styrkja dei

sidene som du er mindre god på. Samtidig kan du bli betre på det du liker og det du kan.

Denne tanken dannar eit bakteppe for det arbeidet me gjer i skulen og barnehagen. MI handlar kort fortalt om meistring, læring og trivsel. Ein hjelper barnet med å finna dei sterke sidene, samt ser korleis det kan utvikla seg på andre område. Målet er å verta betre på flest mogleg område, og ein legg opp arbeidet etter dette.

FRITAK FRÅ AKTIVITETAR I OPPLÆRINGA:

Elevane skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå delar av undervisninga dersom dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever noko

som utøving av ein annan religion, eller tilslutning til eit anna livssyn. Fritak kan og bli gitt på same grunnlag når noko er støytande eller krenkjande. Dersom dette er uklart, eller de ynskjer meir informasjon, ta kontakt med skulen.

INFORMASJON FRÅ ELEVRÅDET

Elevrådet består av to tillitselevar frå kvart steg frå 4. - 7. steg. Elevrådet vel eit eige styre.

Saker som elevrådet arbeidar med:

Elevrådet vil skapa eit godt miljø på skulen. Me vil fortsetje å bruke mykje tid på folkeskikk - handa. På elevrådsmøta tek me opp korleis reglane fungerer på dei ulike stega. Mobbing og om alle har nokon å vera med i friminutta, er noko som elevrådet er opptekne av.

Me vil òg arbeida for at dei ulike stega blir flinkare til å ha klassen sin time og til drøfta saker elevane tek opp.

Elevrådsstyra på dei ulike skulane i Klepp skal treffast to gonger i året, i Barn og unges kommunemøte (BUK).

Elevvakter - ordning.

Elevrådet har ei elevvakt - ordning i friminutta. Elevvaktene skal først og fremst vera i lag med dei yngste elevane. Dei skal hjelpa til slik at alle har nokon å vera i lag med og gje beskjed til ein vaksen på skulen dersom dei ser nokon som blir plaga.

Elevrådet sel milkshake og yoghurt kvar tysdag.

Me er ansvarleg for å dela ut skulefrukt kvar onsdag og fredag.

Elevrådet har kjøpt inn ein del uteleiker som stega kan bruke i friminutta.

Elevrådet vil også i år selja julekaker. Salet gjer at elevrådet har litt pengar på konto. Dette er ressursar som skal komme elevane til gode.

Etter haustferien vil det blir organisert aktivitetar ute i dei lange friminutta 3 dagar i veka. Elevane på 6. og 7. steg er friminuttgledarar og leiar aktivitetane. Tanken bak dette er trivsel og aktivitet i friminutta, og at alle skal få vera med.

ÅRSHJUL ENGELSVOLL SKULE 2011 – 2012

- **Rødt:** Felles aktivitetar som gjeld heile skulen

NÅR	AKTIVITET	ANSVARLEG
6.9	Aktivitetsdag for heile skulen	Terje HB – Signe Hildegunn
15 el 22\9	ESL	T2
29.9	DKS Musikkmat	1-7.steg
42-44	Leseveke 1-4.steget	T1
18.10	MI-dag 1-4.steget	T1
26.10	Hei verden: Open skule kl. 17.00 – 19.00	Eldfrid – Mari Rønnaug - Line, Jasaret
3.11	Norskdag	T2
25.11	Fellessamling heile skulen ”Vennskap” 9.00	Trine - Kariann
6.12	MI-dag 1-4.steget ”JUL”	T1
9.12	Sangsamling 1-4 (jul)	T1
21.12	Julesamling inkl. lysprosesjon ved 3.steg	Andrine, Anne Bjørg Jane
JULEFERIE		
16.1	DKS Narum	1.-7. steg
9.2	Mattedag	T2
17.2	Karneval 1.-4.steg + 7.steg	T1
9.3	Fellessamling heile skulen + bhg. kl. 9.00	Anders - Kristin
15,20,26 mars	DKS Sinna mann	T1
27.3	MI-dag 1-4 steg. ”VÅR/PÅSKE”	T1
30.3	Påskesamling inkl. påskespel ved 6.steg	Inger – Ingbjørg Brit Turid - Terje
Vår 2011	Mexico - Lexico	Trine - Kariann
10.5	Engelsk-dag	T2
14.5	Sangsamling 1-4 (17.mai)	T1
12.6	MI-dag 1-4 steg (ute)	T1
14.6	Friddretts-dag 5-7.steget	T2
22.6	Fellessamling heile skulen + bhg.	Fie – May Brit

REGLAR VED ENGELSVOLL SKULE:

Grunnlag: *Me jobbar kontinuerleg med sosial kompetanse; dvs. korleis me er med andre menneske og andre sine eigendelar og eigedom.*

Reglar som gjeld spesielt for skulen:

- **I gangane** går me - ikkje springing.
- **Sykkel - Sparkesykkel - Skateboard - Rollerblades:**
 - ✓ Kan nyttast til skulen f.o.m. 4.steg.
 - ✓ Skal ikkje nyttast i skuletida.
 - ✓ Det **skal** nyttast hjelm, refleks og lys.
- **Snop** er uaktuelt i skuletida. Unntak ved spesielle anledningar etter avtale.
- **Mobiltelefon** skal ikkje vera med på skulen. Det kan gjerast individuelle avtalar i spesielle tilfelle.
- Me går ikkje **utanfor skuleområdet** utan avtale med lærar.

Slik gjer me viss nokon bryt ordensreglane:

- Samtale elev/lærar og informasjon heim.
- Samtale elev/lærar/føresette.
- Gjensitting på skulen.
- Utvising frå skulen.
- Erstatning for skadeverk.





Konsekvens ved brot:

Lærar som ser episoden ev. kontaktlærar
snakkar med eleven(ane).

Ved fleire, eller alvorlege brot tek ein kontakt med heimen.
(telefon, bruk av meldingsskjema eller innkalla til møte).
Gjeld ikkje for langfinger eller tommel.

..... sitja i ro ved møtet.
..... ha arbeidsro i timane.

..... snakka ein om gongen og høyra
etter når andre snakkar.

..... ta kontakt på ein positiv måte overfor
andre barn og vaksne.

VI SKAL.....

.....bruka positive ord. Banning og krenkande/sårande
ord førkjem ikkje.

..... vera greie med kvarandre. Gje beskjed til
dei vaksne når du ser at nokon vert erta,
plaga/mobba.